

Osterøy Turlag

5282Lonevåg

c/o: Jørgen Varden

Mobil 915 51 493

E-post: jorgen.varden@gmail.com

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 Bergen

Utfyllande opplysningar til søknadsskjema Turskiltprosjektet i 2016.

Utfyllande opplysningar til nokre av punkta i søknadsskjema:

Om materiellutgifter:

Utgifter til skilt er forholdvis nøyaktig kalkulert.

Når det gjeld informasjonstavler vil vi byggja på kommunen si erfaring frå gjennomføring av skiltprosjekt etter søknad i 2011 og 2012. Trerammene vart då kjøpt frå Asker produkt.

Emap as i Trondheim produserte kommunalt kart i målestokk 1:35 000 med turstiar markert, og dei leverte også alu-tavlene med kartutsnitt, tekst og piktogram m.v. Dette firmaet har no gjeve eit stipulert pristilbod på sjølve informasjonstavlene. Endeleg pris får vi når piktogram, symbol, logo osv ligg føre og ein ser omfanget av grafisk bearbeiding. Vektordata til kart er stort sett klart. Tavler etter omlag same mal er tidlegare levert til Osterøy kommune. Dette forenkler produksjonen og resultatet vil truleg bli rimelegare og med minst same kvalitet som aktuelle konkurrentar. I vårt budsjett no ligg inne kjøp av trerammer frå Asker.

Informasjonstavla på 160 x 100 (liggjande) er truleg sikrere kostnadsrekna. Stativ til denne har høg pris etter det vi kan sjå i prislustene vi har sett så langt. Difor vil vi laga stativ sjølve, eventuelt i samarbeid med lokal leverandør.

Kostnadsrekning av feltet Informasjonstavle 50x70 – utarbeiding; inkl. kart, turskildring, bilete symbol, grafisk bearbeiding mm., er basert på faktisk timesats for sakshandsamar på teknisk etat i kommunen. Det oppførte timetalet på 200 timar er stipulert ut frå medgått tid over 600 timar på tidlegare prosjektrunde. Ved ny gjennomføring av tilsvarande oppgåver går det vesentleg mindre tid men er uansett tidkrevjande.


Om padleruter:

Turlaget er i gang med planar for etablering av padlegruppe og har kvalifisert personell for oppstart. Som base for å utvikla eit padlemiljø får vi tilgang til eit naust som kommunen eig. Langsiktig leigeavtale føreset m.a. tilgang til bruk for skular og barnehagar. Naustet vil bli innreia med tanke på barn, unge og vaksne brukarar. Opplæring til sikker framferd på sjø vil stå sentralt.

På fylkeskommunen sitt fagseminaret i jan d.å. om skilting og gradering av padleruter, fekk vi nyttig kunnskap og knytt kontaktar. På sikt vil vi leggja til rette for padleruter vidare innover Osterfjorden.

Storavatnet er eit anna aktivum for padlarar: Storleik og variert natur, mange fine stader å gå i land og slå opp telt, fisk i vatnet, kort reiseavstand til Bergen og god tilgang til parkering og utsetjing av kajakk/kano fleire stader langs vatnet gjer at området kan bli svært attraktivt.

Med venleg helsing



Jørgen Varden